
Saksnr:	2019/101-21
Saksbehandlar	Eva Margaretha Ørmen
Dato:	Vinjevoll 31.08.2020

Til: Trafikktryggingsutvalet

Frå: Fylkesdirektøren

Nominering av kandidatar til Vestland fylkeskommune sin trafikktryggingspris

I PS 4/2020 vedtok trafikktryggingsutvalet retningslinjer for Vestland fylkeskommune sin trafikktryggingspris. Prisen skal gå til *einskildpersonar eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket.*

I FTU sitt budsjett er det sett av 50 000 kr til vinnaren av prisen, i tillegg blir det delt ut eit diplom til vinnaren. FTU avgjer kven som får prisen.

Alle innbyggjarar i fylket kan foreslå kandidatar til prisen. Forslaga skal ha ei grunngjeving, helst levert skriftleg. FTU kan sjølv nominere kandidatar.

På neste møte i FTU vil fylkesrådmannen legge fram ei sak til FTU med alle kandidatane som er nominert til prisen.

Frist for å nominere kandidatar til trafikktryggingsprisen i 2020 er 19.oktober.

Retningslinjene som vart vedtekne i PS 4/2020 for Trafikktryggingsprisen er

1. Vestland fylkeskommune kan kvart år dele ut ein trafikksikringspris på 50.000 kr. Saman med prisen vert det også delt ut eit diplom som ber Vestland sitt fylkesvåpen, med underskrift av fylkesordførar og leiar i trafikktryggingsutvalet (FTU).
2. Trafikksikringsprisen kan verta delt ut til einskildpersonar eller grupper av personar, lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket og som har vist særleg stor innsats i samband med trafikksikringsarbeidet i fylket.
3. Alle innbyggjarar i fylket kan føreslå kandidatar til prisen. Forslaga skal ha ei grunngjeving, helst levert skriftleg. Trygg Trafikk, Politiet, Statens vegvesen samt kontaktpersonane for trafikksikring i kommunane vert særleg invitert til å foreslå kandidatar. Prisen kan også verta tildelt ein kandidat som FTU sjølv nominerer.
4. FTU avgjer om prisen skal verta delt ut, og kven som skal få den. Berre namnet på prisvinnaren vert offentleggjort.
5. FTU syter for naudsynt informasjon og annonsering av trafikksikringsprisen.
6. Det skal ikkje verta sett vilkår for korleis mottakaren nyttar prisen.
7. Trafikksikringsprisen med diplom vert delt ut i samband med den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane.